



NVE Region Vest
Naustdalsvegen 1 b
6800 FØRDE

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/6750 - 19/623

Saksbehandlar:
John Bauge
John.Bauge@lindas.kommune.no

Dato:
08.01.2019

Industrivassforsyning Mongstad, Lindås kommune. Søknad om forlenging av 3 års frist for oppstart av arbeidet.

Industrivassforsyning Mongstad er eit stort og omfattande prosjekt. Etter at løyve til oppstarting vart gjeve 08.03.2016, har det vore endringar for Tykkhellervatn, rettslege prosessar for avtalar med grunneigarar, avtalar mellom Equinor Mongstad AS og Lindås kommune om omfang og økonomi, mm.

I tillegg er det ein del konsesjonskrav som skal avklårast før ein kan starta arbeidet i marka. Dette har ført til at vi nærmar oss 3 års grensa for oppstarting (08.03.2019). Vi vil difor søkja om utsetjing inntil tre år for oppstarting av arbeida som inngår i prosjektet.

Det vert no arbeidd med dei detaljerte tekniske planane som skal godkjennast av NVE før oppstarting. Kartlegging av arkeologiske undersøkingar vil også ta til no like etter vinteren. Vi vonar utsetjing vert gjeve med bakgrunn i storleiken og kompleksiteten av prosjektet.

Med helsing

Atle Dingen
einingsleiar

John Bauge
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:



Mottakarar:
NVE Region Vest

Naustdalsvegen 1 6800
b

FØRDE